



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3561 - 17/34739

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
08.12.2017

Avslag på søknad om ferdigattest tilbygg hytte - gbnr 179/12 Leivestad nordre

Administrativt vedtak. Saknr: 590/17

Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-10.

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om ferdigattest for riving av uthus og oppføring av tilbygg til fritidsbustad. Søknad om ferdigattest minireinseanlegg vert vurdert i eiga vedtak. Det vert elles vist til søknad motteken 30.11.2017 og supplert 07.12.2017.

Det blei gitt løyve til riving av uthus og etablering av tilbygg til eksisterande hytte i vedtak 2013/610 datert 25.07.2013. Plassering av tiltaket skulle utførast i medhald av vedtaket og godkjente teikningar.

Ved søknad om ferdigattest finn ein at opprinnelig hytte er fjerna og at det i staden er oppført eit heilt nytt bygg. Tiltaket har også fått ei litt anna plassering enn omsøkt. Riving av opprinneleg bygg går tydeleg fram av Ortofoto 2015.

VURDERING:

Lindås kommune kan ikkje gje ferdigattest når tiltak ikkje er oppført i henhald til vedtak og vilkår i løyve ikkje er oppfylt. Søknad om ferdigattest vert difor avslått.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §21-10, 3. ledd vert det ikkje gjeve ferdigattest for riving av uthus og oppføring av tilbygg fritidsbustad på gbnr 179/12, Leivestad nordre.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/3561

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kurt Leivestad

Gamle 5108
Steinestøvegen 54

HORDVIK

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28 5912

SEIM